

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i advent - 8. desember 2013

Preiketekst: Joh 14,1-4

Lesetekst I: Sal 33, 18-22

Lesetekst II: Hebr 6, 13-19a

Urolege men opne hjarto

Me er midt i svarte desember – lysmesser aldri så mykje! Vinter er vinter, med mørke, snø og slaps. Samstundes er det jo advent; oppløpssida til den lyse høgtida.

For dei fleste kviler det glad forventning over dagane i siste månaden. Men somme kjenner på eit desto større "møre" nettopp av same grunn: " `Alle` gleder seg til jul og over den `fine` førjulstida"....

Okkesom: Me let Ordet frå Guds varme hjarta sleppa inn over våre vegar, anten dei er vinterstengde eller julepløygde!

Vente og førebu

Advent er etter gamalt ei vente- og førebuingstid. Fiolett er fargen, med alvoret og gleda jamsides eller kryssande.

Det andre lyset i staken fangar blikket vårt til forventning ut over 24.-25. desember.

Himmelen, frelsa, æva kjem oss i møte `midt i den kalde vinter`.

Og Jesu røyst lyder støtt, til irritasjon eller glede eller begge delar: *Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!*

Dette er attpåtil innleiinga til Jesu avskilstale (kap 14-17), så her gjeld det oppsummering og understreking: Kven er Jesus, kva vil han?

Vers 6 er ikkje blant dei utvalde versa denne gongen, det verset Ola og Kari kan på rams: *`Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg`*. Jesu jødiske vener skjøna ikkje kva han då meinte; Tomas innrømer problem, det same gjer Filip. Sjølv etter tre år forstod dei ikkje Jesu misjon: Tomas kjenner ikkje vegen, Filip vil helst sjå Faderen for å bli overtydd.

Kjenner me oss att i dette? Anten me er Jesu jødiske vener eller `kristne` nordmenn.

Urolege hjarto

Urolege hjarto finst overalt. Grunnane til uro er alt frå det dumme til det forståelege. Me kan ikkje gjera vedtak om å eiga ro og trygg visse. Ikkje minst i livet med Gud, bryt det på djupt eller grunt vatn; kjenslene blir aktiverte, tanken òg. Og så hjarta, vårt inste liv. Det Faderen gav oss som særkjenne, det Jesus kjenner, det Anden rører ved.

Tru på Gud og tru på meg. Det heng i hop; trua på Gud er avhengig av trua på Jesus (Joh 17,3)

Det hjarta er fullt av, vert meir synleg i førjulstida; Jesu stridsmenn vaktar gryta, og takkar for vekslepengar utanfor kjøpesenteret. Rører dei i den sorte gryte, finn dei vel større gåver òg. Til saman kan det bli ei hjartegåve til dei urolege hjarto, dei utan håp, både for tid og æve.

Lat ikkje hjarta dykkar uroast, sa Jesus. Det tryggaste då er vel å lata hjarta att! Men det hjelper ikkje mot *trekken*, uroa som snik seg inn. Og det hjelper i alle fall ikkje trua! Den skal veksa ved å sleppa til og sleppa fram! Difor opnar me hjarta, og aukar risikoen for fleire bekymringar, men samstundes aukar me betydeleg sjansen for rikare liv med Gud!

Er det mange rom her i tida, skal det endå meir vera det i Guds himmel. Eigentleg er me vel i eine, same rommet alle saman. Der me høyrer kvarandre, og skal gjera det, der me ser kvarandre, og bør gjera det. Men *mellom alle verdens røster / ene din er den som trøster* syng me. Og Jesus strekar under dette, ja, det er Sanninga som har lært oss Vegen til Livet.

Herren kjem

Herren kjem (advent). No og ein gong. Adventspredikanten lyt vera seg dette bevisst: Herren Jesus kjem no, når ordet om han lyder, når hans gjerningar skjer. *I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de høyrde på*, Luk 4,21.

Det skal andaktshaldar og preikar ta til seg: Du er med på å gjera Herren nær. Du skal *tala mildt til Jerusalem* og trøysta dei urolege hjarto, på Jesu ord og fullmakt. Tenk på dèt, du! Tomas og Filip og Ola og Kari skal på fagre føter bera godt bod til forkomne.

Trua står for fall hjå mange, men vår tru står til Gud, i Jesu namn. Han som gjekk føre, han som gjorde i stand ein verestad for oss. Han ber oss løfta blikket, og hjelpa andre til det same, og sjå i tru det Gud har lova. Herberget med dei mange rom. Måltidet der Abraham, Isak og Jakob sit i lag med fillefrans.

Alt er samla i Jesus Messias. Som det var i opphavet, så no og alltid, og i all æve.

Me lever i tru og von, som Abraham òg gjorde: *Abraham venta med tolmod og fekk det Gud hadde lova han* (Hebr 6,15).

Vel kan menneske ha hjartebank, men me treng ikkje halda oss fast i noko laust! Det heiter jo ikkje *sviktene kan ikke løfte*, men derimot *løftene kan ikke svikte*.

Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela. Det når innanfor forhenget (Hebr 6,19)

Korps og kor

Tru er å venta. Ikkje i blinde, men med tillit til han som gav lovnaden. Ventetid er Jesus-tid, der me festar blikket på opphavsmann og fullendar. Adventstid er levande lys i mørketida: Menneske, Jesus-vitne som leitar opp dei bundne, urolege og hjelper dei inn att til Vegen.

Adventssøndagane får ikkje fullt trøkk alle stader; *vanlege* gudstenester vert bytta ut med lysmesser og konsertar. Det er meir messer enn messe. Det er synd, men ikkje so galt likevel:

Tenk på alle me møter, tenk på alle mulighetane! Dei urolege hjarto er der kanskje, midt i viraken med korps og talekor. Flakkande blick ser barnehender som kveikjer eitt og eitt lys. Kanskje når Jesus lenger enn me trur? Det får me sanneleg håpa! Ja, me trur det; me skal `vera der han er`, undervegs og ved målet.

God adventstid! Ennå er det håp!

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster, i mange år fritidspredikant og medlem og leiar av kringstyret for Israelmisjonen i Sogn og Fjordane.

geir@kyrkja.luster.no